



Liv Sissel og Harald Atle Bratli

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3658 - 15/3525

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

23.02.2015

## Retting av matrikelgrenser for GBNR 36/65

Ein viser til utsendt brev om retting av feil i matrikelkartet for GBNR 36/65, datert 19.11.2014, med 3 vekers frist på tilbakemelding.

Kommunen fekk spørsmål om utsetjing av frist for tilbakemelding frå adv Jan Ohldieck som representerte eigarar av 36/18, Peggy og Rune Krantz-Underland . Slik grensene har lege i kartet til no har det sett ut for at nausteparsellen 36/65 var ein del av 36/18. Desse grensene i kartet er feil og er bakgrunnen til denne rettesaka.

3 desember kom det brev frå adv Ohldieck med melding om at partane hans ikkje samtykka til rettinga som kom fram i brev av 19.11.2014. Nye eigarar til 36/18 hadde oppfatta dette til å vera ein del av eigedommen dei kjøpte, noko som er årsaka til at det kom motsegn mot rettinga, og at det vart søkt om utsett frist.

19. februar fekk kommunen melding frå adv Ohldieck om at eigarar til 36/65 ikkje lenger hadde motførestillingar til at kommunen foretar retting av eigedomsgrensene.

Ingen andre partar har kome med innvendingar til rettinga og retting av grensa til 36/65 er no utført i matrikelkartet.

Vedlagt ligg utskrift av matrikelbrev med dei retta matrikelgrensene, samt eit kart som syner grensene etter retting.

Heimelshavar til 36/65 får utskrive matrikelbrev og heimelshavar til naboeigedommar til grensa som er retta får tilsendt utdrag av matrikelbrevet- det som går direkte på grenseinformasjon.

Ein gjer merksam på at gjennomført retting av matrikelgrenser ikkje fører til endring av eigedommen eller endring av status til grensa, slik at den framleis har statusen «usikker» grense, men med betre nøyaktighet. Det er framleis skyldskiftet og merka i marka som er gjeld.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*I samsvar med matrikelova §46 vert de informert om matrikkelføringa, og har høve til å klaga på den etter reglane i forvaltningslova kap IV-VI. Klagefristen er tre veker frå de mottek dette brevet.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

jan.ohldieck@advocat.no

Peggy og Rune Krantz-Underland

Randi Odland

Utsikten 21

5162

Hesjaholtvegen 40 5142

LAKSEVÅG

FYLLINGSDALEN

**Mottakere:**

Liv Sissel og Harald Atle Bratli